



Bebuare i Austre Heiane v/ Sigbjørn Sande

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/532 - 16/17987

Saksbehandlar:

Berit M.Eskeland

Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:

20.09.2016

Svar på førespurnad om kriterier for kommunal veg/vedlikehald

Viser til førespurnad av 17.08.16.

Meland kommunestyre fatta 23.05.2012 eit prinsippvedtak om kva vegar som skal bli overtatt av kommunen for drift og vedlikehald. Her står det følgjande:

«Meland kommunestyre godkjenner at dei offentleg regulerte vegane i bustadområde vert overtekte vederlagsfritt for kommunal drift når dei elles fyller gjeldande standardkrav, etter at anleggstrafikken er avslutta.

Meland kommunestyre godkjenner at hovudtilkomstvegane i nye utbyggingsområde skal ha reguleringsstatus som offentlege vegar, og overtakast vederlagsfritt for kommunal drift i medhald av gjeldande standardkrav, etter at reguleringsområdet er bygd ut og anleggstrafikken er avslutta...»

Heile saksutgreiinga og vedtaket ligg vedlagt.

Oppsummert vil kommunen overta vegar som er regulert til offentleg veg i gjeldande reguleringsplan. Ein veg er typisk regulert som offentleg dersom den er hovudtilkomstveg inn i eit felt eller fordi den er viktig for tilgang til friluftsområde og strandsone.

Austre Heiane er ikkje regulert som offentleg veg, og det vil ikkje vere aktuelt for kommunen å overta vegen for kommunal eige eller drift.

Med helsing

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VEGSTATUS I MELAND, KOMMUNALE VEGAR KONTRA FELLES PRIVATE VEGAR - FRAMTIDIG DRIFT

Mottakere:

Bebuare i Austre Heiane v/ Sigbjørn
Sande